

DALEBYEN - DRAUMEN SOM SVANT ?

Ole Petter Lien

Denne artikkelen er ikkje meint å vera noko vitenskapeleg og utfyllande utgreiing om Dale. I staden vil eg visa glimt av Dale frå starten og fram til i dag. Eg vil stilla opp nokre fengslende påstandar som kanskje gjer det lettare å forstå kvifor Dalesamfunnet vart forma slik det vart. Dette er ei spanande historie av nasjonal interesse. På slike industristadar stod vuggene til det moderne Noreg. Eg finn historiske skattar i Dale si historie. Ein slik skatt er det nesten uskipla **Forsamlingshuset**.

Det er fascinerande å sjå korleis "øydemarka" i løpet av knappe 60 år vert forvandla til ein "komplett liten by". Eg veit ikkje om ein så liten plass med ei liknande rik historie.

Dale var temmeleg avsondra ute i 'villmarka' og bondelandet. Men fabrikkene vert bygd opp av utanlandsk teknologi, know-how og råvarer. Og til Dale kjem frå Danmark, England og Tyskland arbeidsherrar og kyndige fabrikkleiarar med namn som Jebsen, Petersen, Hartington, Eckhoff og Salberg. Dei er alle aktiv talspersonar for det moderne Europa på kontinentet, for vitenskap og framsteg.

Dale er i Noregssoga omtala som ein **bygdeby** eller ein-sidig industristad. Det var relativt mange slike som vaks fram rundt århundreskiftet ved å utnytta fossekrafta. Mest all verksemd sprang ut av ei stor hjørnesteinsbedrift. Her er eg på jakt etter særmerka til plassen Dale. Påstandane mine er desse:

- 1: Idealet om bylivet som det gode livet har prega den fysiske utforminga av Dale.
- 2: Idealet har vore retningsgjevande for det sosiale livet og lagsaktivitetane her. Å vera moderne betyr å leva eit byliv.
- 3: Arbeidarrørsla sitt fridomsverk med demokrati og deltaking har sterkt prega historia til plassen.

Desse 'oppdagingane' gjorde me under arbeidet med Dale Kino si historie. Kinoen hadde i fleire tiår på byvis vore ein sterk og viktig institusjon i lokalsamfunnet. Kinobruk framstår allereie på 20-talet som ein godteken og naturleg del av 'kvardagen', med unnatak for dei lavkyrkjelege røslene. Etterkvart vart det mange som kunne seiast å ha vakse opp med kinoen og filmen.

Difor vart film og andre medier, særskilt aviser og radio, viktige for å skapa felles ideal, verdiar og framtidsvoner. Alt dette næra draumane om eit moderne liv. Frå tidleg av finn me at mange er opptekne av aviser og ukeblad, nyhende frå inn- og utland.

Gatå vert eit samlingsstad for alskens diskusjonar og nyhende, på 20-talet til dømes mellom dei stridande retningane innan arbeidarrørsla. Hotell-hjørnet er den faste møteplassen for mannfolka.

Denne tradisjonen og trongen til å meddela seg og diskutera finn me sterk og levande den dag i dag. Dette er eit særmerke og adelsmerke for folket her. Helge Arild Bolstad har soleis omtala Dale som "dette kanskje mest demokratiske samfunn eg veit om".

GRÜNDEREN PETER JEBSEN (1824-92)

'Det heile' tok til med Peter Jepsen som i 1873 finn dei enorme vasskraftane i juvet opp mot Bergsdalen. Han er til fingerspissane ein framsynt og moderne mann, ein av første og kan hende den største av gründerane under den tidlege industrialismen i Noreg. I denne veglause og nærast folketomme grenda mellom bratte fjell får han visjonen om å skapa sitt livs meisterverk - ein enorm tekstilfabrikk. Diverre er biografien til Peter Jepsen uskreven. Men av spora han sette etter seg er det råd å finna ut korleis han tenkte og virka. Peter Jepsen var fødd i Sundeved i Slesvig (i dag i Danmark). 19 år gamal vart han representant i Bergen for eit engrosfirma i Hamburg. Første storverket var då han 20 år gamal kjøpte rettane til Blindheimselva i Ytre Arna. Han fekk skarpe åtvaringar frå andre næringsdrivande; tenk å bruka halve formua til kjøp av "nokke så tussete som ei elv !" Men den pur unge mannen visste kva han ville og gjorde. To år etter, i 1846, hadde han vore i England og kjøpt billeg, men moderne utstyr og deretter sett opp første fabrikk ved Blindheimselva. I år er dette 150 år sidan. Ein finn svært mange parallellar og sams kjenneteikn i Dale og Ytre Arna sine historier.

Segna fortel om ein nesjekonge på Dalegarden. Han lydde namnet Laugar og rådde over eit stort område, herunder Laugarflåten ("Lauvgarsfloten") der Dale sentrum no ligg. Den nye nesjakongen skulle verta heitande Peter Jepsen. Fram til sin død i 1892 rådde den store, strenge, men faderlege patriarken over undersåttane sine ved Dale Fabrikker. Han kjende og snakka med kvar og ein av arbeidarane. Frå Ytre Arna heiter det seg at det i Peter Jepsen si tid aldri vart oppsagt ein mann. Under ein koleraepedemi tok han del i pleie av dei sjuke.

O.W. Fasting har truleg med rette, kalla mannen genial. Jepsen vart tidle myteomspunnen. Han fekk seg tillagt "ti Mænds Styrke å tolv Mænds Forstand" (I.O. Veseth i visa om Blindheimselva). Ikkje så rart for den som veit kva han utretta. Han grunnla plassane Ytre Arna og Dale med kjempefabrikkar. Fabrikk på Dale var i lang tid den største tekstilfabrikken i Norden. Jepsen var i ei årrekke sentral i styre og stell både i Bergen og Haus kommune. Han sat på Stortinget, mellom anna i jernbanekomiteén for bana Bergen-Voss og sørga der for at traséen vart lagt gjennom Vaksdal og Dale. I 1870-åra var han dessutan den største dampskipreiar-en i landet. Attpåtil var han ein ihuga talsmann for utnyttning av vasskraftressursane rundt Bergen allereie på 1860-talet. Dette er ikkje tid og stad for historia om Dale Fabrikker. Den er lang og innhaldsrik. Me nøyer oss med å konstatera at denne røynde industrimannen i 1879 sel fabrikk sin i

Ytre Arna til brødrene Johan og Jürgen Jebsen for så med brask og bram å starta opp på Dale. Slik vert det framstegsmannen og gründaren Peter Jebsen som legg grunnlaget for ånda som pregar Dale i tiår framover. Dette er ei urokkeleg framtidstru og visse om framgang. Denne entreprenøren forstod samstundes kor viktig det var med samfunnsengasjement og aktivt sosialt liv.


Bedrifta støttar aktivt oppbygging av apolitiske organisasjonar, særleg musikken, idretten, avhaldsarbeidet (Losjen) og kyrkjelivet.

Jebsen ville forma plassane etter eige hovud i trua på arbeidet og fliden si velsigning for folk. Me kan "ane ein fryd over å kunne temje dei veldige kreftene i fossar og elver, skape lysande industristader i villmarka og gjera høgt kvalifiserte industriarbeidarar av strilane, dette folkeslaget som sjølv gode bergensarar i alle år hadde rekna som noko av det lågaste i skaparverket. Slikt måtte sanneleg ha vore eit eventyr i samtida." (Smaaland 1994) Den rurale befolkninga skulle oppdragast og fostrast til byliv og moderne ideal.

Denne styrande krafta ovanfrå går saman med den etterkvart enda sterkare krafta nedanfrå - den raskt veksande arbeidarrørsla. Båe kjenner seg på parti med framtida og ser von i den nye samfunnskip-naden - framskritt og velstand gjennom 'opplysning' og teknologiske forandringar.

Eit døme er frå avisa Fram, lagsavisa til Dale AUL: "I dag er hammeren vår, Med den skal vi bygge vår nye tid, den skal forvandle vår lenke til samholdets hellige bånd.(...) Vi bygger vår egen verden, for oss -og for dig!" (1.mai 1935) Gjennom fabrikkene og arbeidarane skal landet og folkefe-llesskapen byggast. Med den nye Hovudavtala i arbeidslivet frå 1935 er det samarbeid til sams gavn som er rådande tenkemåte.

I kamp og samarbeid, i motgang og medgang verkar kreftene på Dale i skapinga av eit sjeldant rikt sosialt liv med eit utal organisasjonar.



Dale som by. Perspektiv sett mot torget. Syd-Nord.

Teikna i 1920.

Desse kreftene ovanfrå og nedanfrå finn kvarandre over klasseskilje i arbeidet for ei stadig betre framtid. Symbolsk kjem dette til uttrykk i 1936. Den nye fabrikkdirektøren Ragnar Dogger gjev 10.000 kr samt ei sentral tomt til bygginga av forsamlingshuset Dalehallen. Det planlagde "Folkets Hus" vert til Dalehallen. Arbeidarane har fått eige hus i eigen by. Anerkjennning av fagforeininga er eit faktum.

"EIN FABRIKK I VILLMARKEN" (Bernt Lorentzen)

Typisk for framveksten av tekstilindustrien var at dei raskt fekk mange arbeidarar, så også på Dale. Fabrikkane var store og kapitalkrevjande med mange parallelle maskinar frå første dag av. Vekstskåra for tekstilindustrien var gode. Tilstrøyminga til byane rundt om i Noreg auka. Der vart det etterkvart mange med trong for billege industrivarer.

Pengehushaldet spreidde seg raskt utover bygdene, ikkje minst med årsak i dei nye bygdebyane. Soleis vart Dale ein kjærkomen handelsplass for bøndene i Bergsdalen som før måtte fara til Arna eller Bergen med varene sine. Endringa var særleg merkbar etter framføring av Bergsdalsvegen til Fosse i 1896. Slik vart også bøndene eindel av grunnlaget for handelen og serviceverksemda på Dale.

I ånda frå Peter Jebsen har verksemda Dale Fabrikker alltid vore i fremste linje med modernisering og produktutvikling. Døme på dette er bedrifta sitt forskingslaboratorium og vekta som vert lagt på sjølberging. I 1952 er heile 20 % sysselsette i teknisk avdeling/ transport. Det heiter same året at fabrikkene er "godt rustet til å ta opp konkurransen, med mye nytt maskineri og en positiv stab av medarbeidere på alle plan". I 1996 er Dale A/S framleis ein av dei mest moderne tekstilbedriftane i Europa. Andsynes Dale og folket her var Fabrikken ofte ein god hjelpar som sytte for hjelp til husbygging og andre gjeremål.

SOSIAL OG ØKONOMISK UTVIKLING

Allereie under oppføringa av fabrikkene er kring 250 mann sysselsette med bygging og montering. Fabrikkene tek så til i 1879 med omlag 160 menn og kvinner. 1892, det året Peter Jebsen dør, er fabrikkene den største industriarbeids-plassen på Vestlandet med omlag 550 tilsette og Dale har 1400 fastbuande. Lenge heldt Dale fram med å vera største plassen i Hordaland etter Bergen -inntil den nye bygdebyen Odda veks seg stor (4000 innbyggjarar i 1920). I tillegg til dei fastbuande kjem i periodar større grupper av anleggsarbeidarar. Det gjeld særleg under framføringa av Vossebana (ferdig 1883) med omlegging til breispor (1904). Seinare i samband med vegarbeid og ikkje minst - dei store kraftanlegga i Bergsdalen, det første ferdig i 1927.

Fabrikkene la grunnlaget for etter tida ganske gode levekår og eit utvikla sosialt liv. Arbeidsdagane var sjølvstekt lange og harde. Men i 1919 oppnår arbeidarane 8 timars arbeidsdag. Fritida vart lengre. Trongen til under-haldning og lagsliv auka. Dei betre

tidene mot slutten av 30-talet la grunnlaget for vekst i lagslivet. Soknekommunen Dale hadde då relativt god økonomi, blant anna grunna billeg kraft.

Tida etter verdskrigen hadde vore ei uroleg tid i Dalesamfunnet: prisstigning og lønsreduksjonar, radikale arbeidarar, streikar i 1921 og 1923 (landsomfattande). I 1920 har Dale 1367 innbyggjarar hvorav rundt 500 er tilsette i DF. I 1921 er her heile 200 arbeidslause. Tidene er helst vanskelege. Mange fer til Amerika. Fabrikken derimot har store overskot.

Plassen er sosialt delt mellom funksjonærane ved DF og BKK, einskilde tenestemenn og dei handlande i Gatå ("noblessen") på den eine sida og det store talet arbeidarar på den andre. Mange av funksjonærane er tilreisande og utlendingar.

I tettstaden bur det 1750 personar i 1937. Fabrikken løna over 700. "Dale var difor som ein liten by å rekna, og det var trong for både idrottsplass, forsamlingshus og ny skulebygning." (Sælen 1987) Det unike nivået av aktivitetar kjem godt til syne i lokalavisa Nordhordland. Mest kvar kveld må dei små og store lokale ha vore opptekne. I helgene var det nestan uråd å tinge rom dersom ein ikkje var ute i god tid. Utpå 30-talet vert film og kino alt meire vanleg. På ei storsamling i Dalehallen 1938 ser 600 personar (!) ein privat film frå "Amerika".

SOSIALE OG ØKONOMISKE TILHØVE I ETTERKRIGSTIDA

Krigen hadde auka samhaldet og solidariteten, også mellom folket og fabrikken: "Bedriftens effektivitet, dens produksjon i forhold til det tekniske utstyr den rår over, og likeledes den innsats som er blitt utført av de enkelte funksjonærer og arbeidere, er enestående innen-for norsk tekstil-industri." (Lorentzen 1960)

Dei første åra etter krigen er særst gode for Dale Fabrikker. Dette nyt Dale-samfunnet godt av. Talet på tilsette aukar raskt. Frå fabrikken (og kommunen) si side vert det sett i gang storstilt boligbygging for å redusera boligmangelen som oppstår. I tida 1946-52 bygde bedrifta rundt 160 boligar, dei fleste vart selde til dei ansatte på rimelege vilkår. 1949/50 er omlag 40 % av skatteytarane sysselsette med tekstil. Det arbeidar omlag 1100 arbeidarar og funksjonærer i Dale Fabrikkar, av desse 500 i bomullsvarefabrikken. På 50-talet er Bruvik ein av dei største industrikommunane i Hordaland. Industrien ligg rundt Dale og Vaksdal. 2 av 3 av innbyggjarane bur her. I 1952 har Dale 2061 ibuarar. Ved årsskiftet 1958/59 finn me at 2/3 av kommunen sine sysselsette er i industrien (møbel, mølle og tekstil). Dale Fabrikker har 1105 tilsette, 62% av alle sysselsette i Vaksdal. Dei sosiale tilhøva 1959: "På det sosiale område ligg Bruvik langt framme mellom kommunane i Hordaland." Trygdesystemet og sosiale stønadsordningar er godt utbygde. 1963 er toppåret i fabrikken med 1263 tilsette. Frå då av går talet på tilsette jamt nedover.

BUTIKKAR OG SERVICE

Åleine soga for dei ulike verksemdene på Dale, utanom fabrikken, er stor og interessant. Her er berre rom for nokre små glimt.

Det er først og fremst folk på plassen som utgjør grunnlaget for handel og service. Men omlandet til Dale er stort. Og i plassen for å dra den lange og annsame vegen til Bergen eller Voss, vert det etterkvart vanleg at folk frå utkantar i Bruvik kommune fer til Dale "på bytur", til butikk, kontor eller doktor. Det kunne i sanning vera slitsomt og tidkrevjande nok.

Alt dette gjev gode vilkår for framvekst av handel og vandel. Om handelsmann Mikkel Myhr ser dette klårt for seg i 1879 skal vera usagt. Han får i alle fall bygsla tomt av Peter Jebsen på Skyttarplassen (Laastad-huset). Snart kjem andre etter for å brødfø seg av sal til dei mange arbeidarfamiliane.

På 50-talet har Dale eit rikt utval butikkar som skal tena eit større omland. Ein oversikt frå 1952 syner at her finst 10 butikkar og utsal, 3 bakeri, 1 fotograf, 1 bankfilial, heile 6 frisørar, 2 transportverksemdar, 8 verkstadar og byggeselskap, 3 hotell/pensjonat og kaféar samt 1 stort elektrisitetsverk.

Butikkane driv innan kolonial, fisk og kjøt - eit av desse utsala har endatil slakteri i bakgården ! Vidare finn me manufaktur, jernvare, sport, klede, bokhandel og meire til. Fleire butikkar er assorterte firma.

Frå 1937 av ligg administrasjonen for heradet her.

Eit oversyn for 1958 syner rundt 20 butikkar, utsal og småverkstadar samt m.a. 3 kaféar.

ORGANISASJONSLIVET

Det er ikkje råd å gje oversyn over dei mange lag som har kome og gått gjennom tidene. Sikkert er at dei har vore mange og mangfoldige.

Den sterke samkjensla og den fysiske isolasjonen gjer at Dalefolket held saman og sluttar ivrig opp om kulturelle aktivitetar. (Vegut-løysinga til Voss kjem ikkje før 1958, til Bergen i 1961.)

Som nemnt er det ei medveten satsing frå Peter Jebsen å engasjera arbeidarane i ufarlege syslar innan musikk, idrett, avhaldsarbeid og kyrkjeliv. Tidleg på 80-talet vert det starta misjonsforening, "maateholdslag" (1883), Dale Fraahaldslag (1885) og "Losje Hordaland" (1886). Før århundredskiftet (1887-1897) var det eit aktivt "Dale dramatiske forening" med dugande amatørskodespelarar. Dei heldt til i **Turnlokalet** der seinare **Festiviteten** vart bygd, med plass til omlag 150. Et kuriosium er at fabrikkbestyrer John T. Hartington i 1898 startar "Dale i Brudvig bicyclelag". Formål: Å utbre sykkelen som praktisk og behageleg framkomstmiddel samt til underhaldning. Omsider - i 1907 vert Dale Arbeiderforening stifta som ein varig fagforening.

Denne vesle tettstaden kan etter kvart framvisa eit utruleg mangfald og aktivitetsnivå innan idrett (turn, friidrett, hopp) og særleg innan musikk (misjonskor, mannskor, janitsjarorkester, Godtemplar-koret 'Varde', 'Misjonskvartetten' osv.). I lange periodar har kvaliteten vore framifrå i fylkes- og dels landssamansheng.

Med bakgrunn i dette mangfaldet av aktivitetar har Dale omtrent sia starten vore plassen for store stemner og arrangement innan idrett og kultur. Her har vore ei rekkje turnstemne, hoppmeisterskap for fylket, Noregsmeisterskap i friidrett osv. Og ikkje minst har dei avvikla store song- og korpsstemne. I 1935 har plassen rundt 50 ulike lag og foreiningar ! Til dømes finn me eit musikkliv som er sjeldsynt. I perioden 1926-1948 er soleis Dale Musikkforening det førande korpset i Hordaland. Alt dette er boren oppe av ei lita befolkning på rundt 1700 innbyggjarar.

Frå 30-åra av styrer arbeidarane sjølve organisasjonslivet frå A til Å. "Dale er et arbeidarsamfunn sterkt knytta til bedriften - men med sitt eget liv og interesser - ledet av arbeideren." (DT 1957) Alle kjende alle. I stor grad var innbyggjarane, særleg mennene, med i dei talrike laga. I denne veven av samhandling i fabrikk, buområda og lagslivet vart folk tett knytte i hop som " heile menneske", i ein usedvanleg grad. Dalingane er seg medvite om si rolle og betydning for omverda - dei "sender lys ut over landet" (hyllest til Dale 1939).

Etter 1937 sikra ei relativt høg og stabil inntekt frå Dalehallen store tilskot til lagsverksemda, men også skulen og privatpersonar.

Dette gjeld også for 50-talet. Til dømes hadde Dale Helselag i 1954 1700 medlemmar av ein befolkning på ca. 2500 ! Eit anna døme er at det i 1959 finst 17 lag som arbeidar for ymse indre- og ytre misjonsorganisasjonar. Det er 5 sundags-skular.

Festiviteten og **Dalehallen** er mykje nytta, og det er forskjellige arrangement nesten kvar dag. Bruken av Dalehallen i 10-årsperioden 1947-1956 var slik: 1588 kinoforestillingar, 66 festar, 59 konsertar, 62 tredagars basarar, 108 dansetilstellingar, 232 møte, 298 musikk, sang og andre øvingar, 47 teaterframsyningar, 57 føredrag, 10 første-mai dagar og 10 syttende-mai dagar, 11 idrettsstemne og 50 andre føremål. Dessutan kommune- og stortingsval. Aktivitetsnivået i huset speglar aktivitetsnivået i lokalsamfunnet. I tillegg kjem dei mange kyrkjelege organisasjonane. Dei heldt til i Forsamlinghuset. Basarlivet fløymer. Einskilde veke er det opptil fleire basarar anten i Dalehallen eller Forsamlinghuset. Vi ser elles ei 3-dobling av talet på basartilstelingar frå 1954-56, frå 5 til 18. Basarane vert drivne for velgjerdspøremål. Når overskotsinntek-tene frå kinoen desse åra minkar, vert basarane ei alternativ inntektskjelde.

KINO PÅ 50-TALET: "FREDAG, LØNNING, BRUVIK OG KINO"

Kinoen samlar nesten alle. Opptil 5 filmar vert viste kvar veke på Dale Kino i fleire år på 50-talet. Attåt kjem Filmrevyen. Svært ofte er det fulle hus og folk må avvisast. Det er særleg med det store innslaget av idrettsfilm og musikkfilm. Heilt frå 1936 er det kafé i 1.etasje i Dalehallen. Han er samlingsstaden før og etter kinoen.

For ein stor del av Dale-folket synes det som om det å gå på kino var ein sjølv sagt ting. Spørsmålet: "Sju'en eller ni'en?" trong ikkje forklaring. Fredag og søndag var kinodagar. "Fredag, lønning, **Bruvik** og kino" var eit ståande uttrykk.

SAFIR
 Kjøleselskap
 Strandhjørnet
 1. og 2. etasje
 Bryllupsveser
 Fotokopieringer
 Kollegerover
 Premier, Pokaler
 Klubbmerker
 Selsk. Gull, Tinn
 og forskjellige prater

For abonnere...

Leiesty 10 ero

Nordhordland

Nr. 43

Torisdag den 27. oktober 1938

2. Årg.



Bruvik Sparebank

Forvaltningskapital ca. 4,5 million kroner.
 Optagt fond ca. kr. 600.000,00.

Møtar innkudd på alm. sparebankvilkår og 6 måneders opsigelse — Besørges innkass på land. Verdipapirer mottas til oppbevaring.

Utfører forøvrig alle almindelige bankforretninger.

Banken er åpen på Vakodalen tirsdag, torsdag og lørdag. På Dale onsdag og fredag og på Stamnes lørdag.

Dr. Johs. Gjevstad

Hospitalist Brandede.
 Rentgenundersøkelser.
 Rentgenbehandling.
 Lygbehandling og diatermi.
 Keskstid 9-2, 6-7, 11-12, 13-18

Briller og Kikkertjer

I godt utvalg til rimelige priser.
 overtar
 Martin O. Nilsson
 Seseestriet, Bergen - lfd. 1408

Dr. Odd Olsen

Dale i Bruvik
 Telefon 29.
 Kontortid 10,30—13 fm.
 17,30—19 em.
 Lørdag efm. ingen kontaktid.

Helsestettedoktor

Ivar Follestad
 19 STRANDGATEN 18
 BERGEN
 TELEFON 16100

Tannlæger

T. STOKKE
 DALE I BRUVIK
 Viknes Tannl. Løkke

Tann-innsettning

Gebita vert utført for kr. 41.
 Reparasjonar pent og billig.
 3 Åre garanti.
 Alfred Johannessen

Dale vigslar nye brua og gata.

Ordførar Nygaard får påskyning for arbeidet sitt. Overingeniør Waage gav ei forvitneleg utgreiding om moderne vegbygg.

Lørdag vart den nye brua over Jarnbana opna. Den gamle brua var ei av dei eldste bruene som var i Hordland no. Den nye brua er bygd i fann med betongblokkar og kostar 27 000 kr. Jarnbana som hadde vedleggshald av den gamle, kosta 6000 kr. til den nye, mot 4 vore fri vedlikehaldet. Resten av pengane er laena av vegbyggar Dale — Daleid og er forbeholdt Dale sokn og Bruvik herad. Samstundes som Dale fôkk den nye brua har soknestyret i Dale

Vi har alle mange ønskje. Sommenlangda vi er, ønskjer vi veg siste 15—20 Ara. Først og fremst Vakodalenvegen, so veg langs Hamlegraven. Når so vegen Trøngsliv — Vakodalen kjem inn Bergen vil vi ha ei veg som Dale kjem til Voss og Sogndal. Overingeniør Waage gav ei forvitneleg utgreiding om veg-

nen, byggemester Øvstedt fortalte om det arbeid som er gjort siste 15—20 Ara. Godtemplarkoret song og musikklyngt sytte for sin musikk mellom talane. Selvna på kvelden var det ei tilklinging på hotellet. Her var soknestyret, bygningsstyret, vegnemnda og andre innbodes samla. Overingeniøraren var reist, men avdelingsingeniør Widerøe motta for vegstyret. Arbeidaren på brua og gata hadde og miljonene.



Den gamle brua.

GA til fotograf Hareide
 Vefridalen 1.
 (Via a ve Kjøleselskap)

Den Dulleste PIANO
 8-10 eller 12
 Gi de til
 J. W. CAPPELEN AS
 Egeve 15
 Lønnesse ateser firma i Bergen

nalt arbeid. Kommunalt arbeid er svært lite takkamt og gjev meir kriblikt enn ros. No vilde soknestyret løste litt på dette og har sette fram eit slystøstup fylt med blommar. Det skulle vera ei takk for den innvalde Nygaard hadde gjort for brua og gata og det vonta han vilde la seg av andre saker som melde seg, med like stor kraft. Nygaard takka for den uvanta påkyninga. Det hadde vore eit framfremt samarbeid og det rida at då kom vi lengst. So lenge han makta vilde han arbeide etter same lina. Og sidan Dale han segjer: Hald saman, hold kjer og arbeid berde, so vil Dale og herad gå fram. O. I. Hareide takka ordføraren i bygningsstyret, L. Øvsthus

Utsnitt frå Nordhordland 27. oktober 1938.

Utlånt av Eirik Småbrekke.

Kinoen var ein sjølvsgatt del, ein institusjon i Dale-folket sin kvardag. Kingoåing var eit fast rituale i veka.

På Dale vert kinoen ei sterkt samlingspunkt og ei økonomisk støtte for lagslivet. Slik ser vi korleis kinoen og filmen er vorten den sentrale institusjonen som knyter andre institusjoner og folket på Dale saman. Kinoen og filmene har sidan 30-talet lyfta tankane til folket her og ført dei saman i felles draumar og ei sterk tru på framtida. Det er no Dale Vellag har si stordomstid. Organisasjonen vart stifta 1951 og fevner mest alle dei kulturelle laga. Han driv Dale kino som i beste året sel 60.000 billetter! Med overskuddet derifrå er vellaget ein velgjerar og sterk støtte for det aktive lagslivet. Dale skule får óg stønad til eit "balotikon" (eit apparat som projiserer trykte bilete). Vilkåret er at apparatet vert lånt ut vederlagsfritt til alle "kulturelle og sosiale" lag i opplysningsarbeid.

"Nordhordland" 1937-1942. EI BYAVIS

Nokre år før og under krigen vert avisa **Nordhordland** skreven og utgjeven på Dale. Redaktør er først D. Liset, seinare Anton Rødland. Nesten alle hovudoppslag er frå Dale eller har nær tilknytning til plassen. Det verdslege stoffet gjev eit dominerande in-ntrykk. Elles er avisa prega av korte nyhende, kuriosa (mykje Hollywood) og reklame. Mediene viser fram nye ting og tilhøve som framstår som haverdige, anten til nytte eller nyting. Vyane er byprega. Tonen er moderne og optimistisk, tydeleg forma av industrieventyret Dale Fabrikkar. Det verkar som om redaktøren medvite tonar ned konflikhtar og understrekar fellesskapen og samhaldet på plassen. Avisa omtaler konsekvent plassen som "Dale-byen".

Annonsemengen er stor, i dei fleste numra meir enn 1/3 annonsar, mange frå Bergensfirma. Det må altså ha vore ei viss kjøpekraft i dette samfunnet. Hus, heim og hage står sentralt. I avisa finn vi til dømes faste annonsar for møbler ("Ek spisestue for 385 kroner"), golvteppe, "linoleum", tapeter, maling- og malingsutstyr ("Solignum Villabeis - 13 kulører"), kjøkkenutstyr, Grepa "magasinkomfy", elektriske ovner, årets Jøtulovner, vindusglass og speil, alt som skal til i moderne husvære. Ei annonse for huntonit-plater lyder: "Klæ veggene med Huntonit ! Så hører de ikke naboens radio og De får lune, trekkfrie værelser. Huntonit er den norske fiberplate for isolasjon og paneling." Her er rikeleg med løfter om eit problemfritt tilvere. Det som teller er nytt, moderne og komfortabelt. Men for folk flest låg nok det meste av dette utanfor rekkjevidde.

Første radioen var komen til Dale i 1922-23. Akkum-ulatorbat-teria vart lada opp att i kraftstasjonen i fabrikk. På 30-talet kjem ei rask spreieing og utskifting av radio-apparat. I **Nordhordland** er det faste annonsar for Høvding og Tungsram radio. Brått er verda vidt open (i følgje reklamen). I ei annonse samtalar to arbeidarar over spadane sine: "I går var jeg i Paris, get! Sette mig i sofaen hjemme i stua, tendte pipa, skrudde på min nye "Høvding" folkemottager - og var i Paris ! Jeg har aldri hørt på maken til klar og kraftig gjengivelse på nogen radio. Ikveld skal jeg til Moskva."

I presentasjonen av 'byen' i 1957 er det ein tydeleg triumf at Dale har "radiosentral og egen "kringkaster" (Radiolink) på Dystingen.

ER DETTE EIN BY ?

Dei som studerer byar har visse kjenneteikn på ein "by": Han må vera ein tettstad, ein konsentrasjon av bygnadar og folk, og ha eit klart sentrum med spesialiserte virksomheter. Andre legg meir vekt på storleik, tettleik og mangfald. Når me veit at Dale dei første tiåra var blant dei tre største stadene i Hordaland, vert det openbert at Dale i lang tid står fram som ein by.

Heilt attende i 1897 finn vi levande omtalar av Dale-byen: "Der rører sig nu fuldstændigt Byliv med Promenad og endog Musikpavillon, hvor Fabrikkens Musikkorps giver Friluftskoncerter". (Heftet "Norsk Industri" 1897)

"Fabrikkernes vekst og trivsel har medført at stedet nu har vokset og blit mer og mer bymæssig, idet bebyggelsen stadig har øket, og boligforholdene jevnlig forbedret. Stedet har nu ca. 1300 indbyggere, og er egen brand- og byggekommune fra 1909, med approbert byregulering, og har eget kloak- og vandvæsen.

Stedet har tidsmæssige skolelokaler, hvorav den ældste av disse opførtes av fabrikkens i 1894 og senere i 1919 en tidsmæssig sløid, gymnastik og lærerbolig. Hidtil hadde fabrikkens holdt gratis skole for sine funktionærers og arbeideres barn. I 1922 blev skolen overtatt av kommunen som siden ogsaa har opført yderligere en tidsmæssig stor skolebygning." (Programhft. 1926) Ein moderne gamleheim vert teken i bruk 1932. Året 1937 er eit merkeår for Dale. Dale vert senter for Heradet. Dette kronåret vert óg ei rekkje monumentale bygg ferdige, mellom anna den særmerkte **Dalehallen**. Ny og moderne barneskule er bygd. Realskule vert igangsett. Og sjefen for Dale Kino kan no titulera seg "kinodirektør"...

Same året vert **Nordhordland** starta. Laurdag 22. oktober 1938 er ein stor dag for plassen. Avisa skriv: "Dale vigslar nye brua og gata." Med ny betongbru over jernbana og 1200 kvadratmeter asfaltdekke er det klart for den moderne tida til å rulla inn i Dalebyen. "Hald saman, hald kiv og strid borte, so vil Dale og heradet gå fram." (Ordførar Nygaard si tale ved vigslinga)

Gløymd verkar 20- og 30-åras naud og sakn. Framtida er lys og vakker. Dei monumentale bygga frå 1937 skin og strålar i bygda og avisa skriv optimistisk: "Får vi no vegane og smågatone i orden, skal Dale bli ein fin by."


1950 - talet: "Gullalderen"

Tidleg på 50-talet har Dale over 2000 innbyggjarar. Plassen er eigen brann- og bygningskommune, regulert og med delvis murtvang. Her er tidhøveleg skulehus for folke- og realskule, eit stort forsamlingshus med faste kinoframsyningar (Dalehallen). Elles finst folkebad, gamleheim, ei stor og ny kyrkje, bank, pensjonat og hotell samt "moderne lokaler for post, telegraf, bibliotek."

1955 står eit ruvande flott Heradshus ferdig. Vi kan spora bymedvit og byorientering når Heradshuset vert omtala som "Rådhuset". Og i 1956 står den kjende kyrkja i gotisk spissbuestil klar.

Dalseiddalen frå Dalevågen til Bolstadfjorden har ein interessant samansett arkitektur som fortel plassen si historie. Byggeskikken på Skyttarplassen (1879-), Holhovden (20-talet), Kalvakroken/Hestavollen(BKK) (20-talet), Øvre Eikhaugen (slutten 30-talet), i Lia (1948-), Nedre Eikhaugen (tidleg 50-talet) og Dalseiddalen (50-talet) viser utvidingane av Dale under blømingstidene. Dette er tidstypiske og byprega hus. Utanfor sentrum står den svære kraftstasjonsbygningen frå 1927 som eit storslått momument over anleggstidene.

På denne tida er by-identifikasjonen sterk på Dale. I mange skrifter finn vi ord som "Dale-byen". Dette er tydeleg nytta for å understreka at Dale-folk kjenner seg, eller i det minste rustik).



Dale Handelsforening - nytt handlesenter. Teikna i 1987 av Arkitektbruket ans, Voss, v/ Ole Kristian Skorve

Byen er idealet. Men på slutten av 50-talet er "ennå meget som skal gjøres - meget som skal bli bedre. Vår lille by er ennå ikke fullkommen."

Kor sosialt tett eit samfunn er, kan lesast av i graden av organisasjonsliv og felles tiltak. Dale har utan tvil hatt ein sjeldsynt grad av sosial tettleik. Alle kjende alle. I stor grad var innbyggjarane, særleg mennene, med i dei talrike organisasjonane på plassen. I denne veven av samhandling i Fabrikken, buområda og organisasjonslivet vart folk tett knytte i hop som "heile menneske", i ein skjebnefellesskap på godt og vondt. For eit lite innestengd samfunn, overlatt til seg sjølve og kvarandre og basta og bundne til skjebna til ein einaste arbeidsplass, er det eit spørsmål om å overleva. Det er uråd å flykta fra konfliktane, dei omgir deg dagleg, vendar stadig attende.

Fabrikktidasjonane var nesten eierådande. Borna møtte foreldra ved fabrikkporten for å fylgja dei heim frå jobb. Dei såg si eiga framtid innafor desse portane.

'Motorarane' som drog Dalefolket framover var samhaldet og vilja til å halda konfliktnivået lavt, dei sterke institusjonane i musikklivet, idretten og Kinoen, og ei sterk tru på Fabrikken. Og under låg vissa om at framtida tilhørde arbeidsfolk, i deira eigen by, Dale.

Eg konkluderer: Dale var frå starten av etla til å verta ein strålande by, ein bastion for det moderne bylivet midt i bylandet. Lenge såg dette ut til å verta realitetar. Men sjølv ikkje Peter Jebsen kunne rå med dei nye økonomiske kreftene som braut seg fram lenge etter hans død.

I kva grad såg Dale-folket på seg sjølv som 'by-buarar'? Dette er vanskeleg å seia kategorisk i dag. Ein ting er at "noblessen" og fabrikkleiinga, seinare avisa "**Nordhordland**" propoganderer for byliv. Eg skulle gjerne visst dette: Korleis var det å vera Dale-buar, på 30-talet eller på 50-talet ?

EI NY TID KREV ENDRINGAR?

I Dale si historie skiller to periodar seg ut, 20/30-talet og 50-talet. Med gode tider i fabrikkken svinga plassen seg opp i aktivitet og framtidsvon. Men under presset frå den internasjonale økonomien utpå 60-talet vart tidene for gode til å vara.

I jubileumsberetninga til Bruvik Sparebank heiter det i 1978: "Medan Vaksdal kommune endrar seg på mange områder, og nye bygg veks opp, trass i nedgangen i folketalet, er Dale sentrum "stabilt". Her er det ikkje mykje som har skjedd dei siste åra. Plassen tillet det knapt nok. Husa står tett i tett, og skal det nemnande endringar til, må ein del av dei gamle bygningane rivast.(...)

Reguleringsplanen går m.a. ut på at det skal byggjast fleire høgbygg der det no står trehus på to etasjar." Men dette "er truleg framtidsmusikk" Likevel - eit nytt høgbygg inntil Handelsforeninga for den kommunale administrasjonen er ventande. Tidsmessige husvære til folket på Dale vil krevja sanering, heiter det.

Det høyrer óg til historia at allereie Peter Jebsen oppmoda til bygging av store hus (jfr. Østen-huset, Skyttarplassen). Bakgrunnen er sjølv sagt mykje folk på avgrensa areal. Planane om murhusa frå 1920 synast å ville realisera tanken til fulle. Slike tankar kan sporast heilt attende til 20-talet (sjå illustrasjon). Sanering og nybygging var løysinga for betre og større boliger og plass for ein veksande kommune. Men slik skulle det ikkje gå.

Ei rekkje politiske beslutningar og reguleringar har i tida sitt løp fjerna mest alle dei særmerka husa frå "Gamle Dale". Reint skjebnesvangert har framføringa av Fylkesvegen og Stamvegen vore. Med dette vart det særeigne tette Dale sentrum reve i stykker. Berre framtida vil visa kva lei politikarar og folket på staden vil føra plassen sin. Vert det mot fleire opne plassar for bilbruk, eller 'attende' til det tette og byprega Dale ?

Ein gong var framtida uproblematisk og lys slik det heiter i jubiléumsheftet 1954: "Det er en stor oppgave å skrive om en av våre nyeste byer. (...) Store murhus med god arkitektur har reist seg i de centrale områdene i Dale-byen. Vakre villaer dekker store områder utenfor det nye centrum. Folk pusler i hagene sine, stiller med blomster og grønnsaker i fritiden. "Eige bu er betre enn inkje", det er et ord med den dypeste sannhet. I både 3 og 4 generasjoner har slekter hørt til på Dale, men først i vår generasjon har de fått den rette lokalpatriotismen. Flytte bort fra Dale ? Aldri i verden."